

Møte i bygdautvalet og Arnold-stiftinga 13. okt. 2025

Møtte: Grete, Eivind og Inge frå BU (Inna på nett ved trong); Arne, Monica, Laura, Aamund og Gunnar frå stiftinga.

0. Formalia

Eivind er skrivar.

1. Igangsetjing av arbeidet i Arnold-stiftinga

Inneber mellom anna: Informasjon om framgangen i arveoppgjeret fram til no, start på utarbeiding av vedtekter, start på oppretting av stiftinga i Brønnøysund-registra og hjå Lotteri- og stiftingstilsynet oa.

Me startar med å sitera den delen av testamentet som gjeld stiftinga:

Det skal opprettast ei stifting (Stifting/STI) med ein kapital på NOK 10.000.000,– (kronertimillioner). Det er mitt ynskje at Stiftinga blir oppretta basert på følgjande grunnlag:

1. Grunnkapital på NOK 100.000,– og anna eigenkapital på NOK 9.900.000,–.
2. Stiftinga skal ha eit formål som medfører at det kan gis støtte til einskild- og/eller fellestiltak som kjem bygda Fjærland til gode, som til dømes:
 1. Tiltak som kan medføre nye arbeidsplassar.
 2. Tiltak som støttar reiselivsnæringa og andre aktivitetar/næringar som gir positive ringverknader for bygda.
 3. Tiltak av ulik art som kan medføre auka trivselsfaktor for bygda og bygdefolket.
 4. Tiltak som elles er i allmennheita si interesse å igangsette.
3. Stiftinga skal ha eit styre på 3-5 medlemar, som skal oppnemnast av Fjærland Bygdalag FLI. Bygdalaget oppnemner også nye styremedlemar i Stiftinga ved utskifting.
4. Både kapitalen og avkastning på kapitalen skal kunne delast ut og Stiftinga skal ha ei avgrensa levetid på maksimalt 30 år. Dersom det er kapital att i Stiftinga etter 30 år skal kapitalen nyttast på ein måte som samsvarar med Stiftinga sitt formål, eller som samsvarar med eit liknande allmenntilgjengleg formål. Dersom dette ikkje er muleg, skal restkapitalen gå til stiftinga Norsk Bremuseum.
5. Dersom det ved min død ikkje er utarbeida konkrete vedtekter for Stiftinga, som eg har godkjent, skal testamentsfullbyrder sørge for at endelege vedtekter blir utarbeida og sørge for registrering av Stiftinga hos Stiftingstilsynet. Testamentsfullbyrder skal i så fall utforme formålet i vedtektene i tråd med det som er angitt i dette testament og etter å ha konferert med Fjærland Bygdalag.

Eivind takkar medlemene i stiftinga for at dei har sagt ja til å sitja, og informerer kort om bygdautvalet si rolle, bakgrunnen for å velja ut medlemene i stiftinga og tankar om vegen framover. Kort sagt: Bygdautvalet har spurt medlemene ut frå den kompetansen me meiner stiftinga treng. Bygdautvalet skal peika ut nye medlemmer til stiftinga. Ut over det har ikkje bygdautvalet noko spesiell rolle, etter det som står i testamentet til Arnold. Det er stiftinga som skal utarbeida sine eigne vedtekter.

Gunnar informerer om arbeidet med testamentet til Arnold og bakgrunnen for at det står nemnt ei stifting i testamentet. Fyrste tanken hans var ikkje ei stifting, men han hadde eit sterkt ynskje om å få til aktivitet og arbeidsplassar i Fjærland. Han var tydeleg på at fondet skulle ikkje leva evig, men at pengane skulle brukast opp. Det står 30 år i testamentet, men det er ingen spesielle tankar bak akkurat det talet. Å utarbeida testamentet tok to-tre veker.

Testamentet nemner «bygdalaget», av di det er den organisasjonen som er registrert i Brønnøysundregistra. Gunnar tenkjer at årsmøtet i bygdalaget vel styre i stiftinga.

Me må vera klare over at testamentet blir stiftingsdokumentet til stiftinga. Det skal vera vedtekter i tillegg, og ein opningsbalanse – i dette tilfellet 10 mill., fordelt på 100.000 i grunnkapital og 9.900.000 i annan kapital (jfr. testamentet).

Det har teke lang tid å få handsama dette hjå Oslo tingrett, mellom anna på grunn av ferieavvikling og mange testamentarvingar. Skifteattesten kom no i september.

Namn på stiftinga er ikkje klarlagt, men Arnold sjølv var ikkje særleg oppteken av sitt eige namn i den saka. Grete seier at no kallar allereie heile bygda det for Arnold-stiftinga, så me må kunna bruka noko slikt. Det avgjer me seinare.

Stiftinga må ha ein revisor og ein rekneskapsførar. Gunnar meiner det er naturleg at Laura er rekneskapsførar, og så må me ha ein autorisert revisor utanom. Laura føreslår ein uavhengig revisor i staden for dei store kjedene. Dette er ei enkel stifting å revidera.

Inge spør om ein stiftingskonto er sikra av banksikringsfondet, jfr. sikringa på 2 mill. for privatkundar. Me har ingen klare svar på det no.

Gunnar stiller spørsmålet om stiftinga skal setja i gang prosjekt på eiga hand, eller om det skal vera utdeling etter søknad. Det avgjer me her. Aamund spør om nokon skal godkjenna vedtektene. Det skal stiftingstilsynet, men dei vil neppe leggja seg vidare opp i saksgangen i stiftinga.

Arne spør om nummereringa av føremål i testamentet er å sjå som ei prioritering. Gunnar svarar at Arnold var oppteken av arbeidsplassar og annan aktivitet, men at det elles neppe er veldig strenge prioriteringar som ligg bak. Arnold ville ikkje leggja alt for bindande føringar for arbeidet, men hadde tillit til at styret for ei stifting ville klara å forvalta pengane på ein god måte. Han ville unngå diskusjonar kring bruken av pengane på grunn av alt for detaljerte retningslinjer i testamenet.

Eivind spør om tidshorisont for det arbeidet som gjeld stiftinga. Gunnar svarar at me bør greia å få på plass stiftinga frå nyttår, og at det fyrste å gjera er at me må utarbeida vedtekter ut frå testamentet. Det er viktig at me får på plass korleis stiftinga skal jobba.

Aamund spør om det er spurt om varafolk i fall ugildskap. Eivind svarar at det er det ikkje, men testamentet opnar for mellom tre og fem styremedlemer. Sidan bygdautvalet har lagt seg på fem medlemer, går det an å tenkja seg at eventuelle ugilde medlemer går frå, og at styret er vedtaksført når det er tre eller fleire medlemer til stades. Gunnar føreslår dobbeltstemme til styreleiar ved likt røystetal.

Ei utfordring er at når stiftingsvedtekter fyrst er godkjende, er det vanskelegare å endra dei. Difor meiner Gunnar me ikkje må laga vedtekter som avgrensar for mykje.

2. Vegen vidare og framtidige møte

Inneber mellom anna: Plan for møte- og informasjonsverksemd og -kanalar framover, tilhøvet mellom bygdautvalet og stiftinga, avklaring av nokre praktiske omsyn oa.

Framlegg:

1. Styret lagar framlegg til vedtekter basert på testamentet og ordsiftet. Desse vedtektene bør innehalda styreinstruks som bør godkjennast av bygdalet.
2. Kvamme rekneskap blir valt til rekneskapsførar. Me kjem tilbake til revisor.
3. Eivind lagar eit samskrivingsdokument for medlemene i stiftinga, slik at dei kan utvikla vedtekter.
4. Vedtektene inneheld retningslinjer for utskifting av styremedlemer. Bygdautvalet har i oppgåve å finna nye styremedlemer ved utskifting. Me treng å tenkja litt meir på akkurat korleis dette skal skje, for utgangspunktet er at styremedlemene sit til dei ikkje sit, forenkla sagt.
5. Me må avklara tilhøve mellom bygdautvalet og stiftinga. Eivind føreslår at bygdautvalet er på tilbydarsida, og at stiftinga spør dersom dei ynskjer noko.
6. Namneframlegg: Stiftinga Arnold Mundal. Stiftinga tenkjer litt på dette.
7. Aktivitet i stiftinga blir informasjonssak på årsmøtet i bygdautvalet.

Neste møte i stiftinga (utan bygdautvalet) blir 29. oktober kl. 18-20, hjå Arne.

Møtet slutt kl. 19:25

Referent: EØ